

Oppdragsgjevar: Erlend Klefstad
Oppdragsnamn: Trafikksikkerhetstiltak ved Hove camping, Fv.708
Oppdragsnummer: 624696-01
Skriven av: Andreas Nesdal
Oppdragsleiar: Jostein Rinbø
Tilgang: Open

NOTAT TS-tiltak fv. 708 ved Hove camping

1. INTRODUKSJON	1
2. TILRETTELAGT KRYSSING AV FYLKESVEG	1
2.1. Terrengtrapp på oppsida av fylkesvegen	1
2.2. Tilrettelegging av avkøyrsla til campingplassen	2
2.3. Siktrydding	2
2.4. Leiegjerde mot fylkesvegen	2
3. FARTSGRENSE 50 KM/T	2
4. VEGBELYSNING	2

1. INTRODUKSJON

Dette notatet beskriv aktuelle trafikksikringstiltak for fv. 708 ved Hove camping i Skaun kommune. Hensikta med tiltaka er å sikre forholda for gåande og køyrande på strekninga, inkludert leggje til rette for at mjuke trafikantar kan krysse fylkesvegen på ein sikker måte.

2. TILRETTELAGT KRYSSING AV FYLKESVEG

Det er føreslått opparbeiding av ein tilrettelagt kryssingsstad for fotgjengarar ved avkøyrsla til Hove camping. Denne er basert på at leiegjerde og utforminga elles skal føre fotgjengarar til eit fast punkt med gode siktforhold. Tiltaka er universelt utforma, slik at dei kan nyttast av alle trafikantgrupper. Forslag til utforming av tiltaka i denne delen er vist i teikning TC002, datert 03.10.19.

2.1. Terrengtrapp på oppsida av fylkesvegen

Forslaget inneheld oppsetting av terrengtrapp i skråninga på oppsida av fylkesvegen. Terrengtrappa gjer det enklare for fotgjengarar å ta seg fram til kryssingsstaden og synleggjer kryssingspunktet. Trappa endar i ei trafikklorne der fotgjengarar har god sikt til eventuelle kryssande køyretøy. For mjuke trafikantar som ikkje kan eller ønskjer å nytte trappa, kan ein nærliggjande tilkomstveg nyttast som alternativ rute.

2.2. Tilrettelegging av avkøyrsla til campingplassen

På nedsida av fylkesvegen vert avkøyrsla til campingplassen tilrettelagt med eit venteområde for fotgjengarar fysisk skilt frå køyrearealet. Dette er føreslått gjort med ei deleøy med kantstein og eit stengselsrekkverk. Rekkverket og deleøya har ei lett utforming som ikkje skal medføre fare ved påkøyring. På denne måten har fotgjengarane eit trygt venteområde med god sikt i begge retningar langs fylkesvegen. Øvste del av avkøyrsla vert asfaltert for å sikre enkel framkomst for alle trafikantgrupper.

2.3. Siktrydding

Ved kryssingsstaden må tilstrekkeleg sikt sikrast. Vestover frå kryssingsstaden er fylkesvegen rettlinja, med god sikt for fotgjengarar. Austover og sørover går vegen i ei skarp høgrekurve. I denne kurva skal vegetasjon i siktsona frå kryssingsstaden haldast under vegnivået. Nødvendig kryssingstid for fotgjengarar er om lag 6 sekund ved ein gangfart på 1,2 m/s. Det trengst dermed fri sikt i minimum 100 meter langs veglinja med dagens fartsgrense på 60 km/t.

2.4. Leiegjerde mot fylkesvegen

Mellom kryssingsstaden og krysset mot fv. 709 er det føreslått gjerde på oppsida av vegen, langs eksisterande eigedomsgrense. Dette skal leie fotgjengarar mot den tilrettelagte kryssingsstaden, slik at ein unngår ukontrollert kryssing over fylkesvegen. I tillegg vil gjerdet sikre ei bratt fjellskjering på oppsida av vegen.

3. FARTSGRENSE 50 KM/T

Det er utarbeidd forslag til 50-sone for strekninga, frå om lag hundre meter sør for krysset mot fv. 709 til om lag hundre meter forbi avkøyrsla til campingplassen. Strekninga er på rundt 350 meter og har kryss mot fylkesveg 709, busshaldeplass og fleire avkøyrslar. Det er også busetnad langs vegen, i tillegg til gangaktivitet frå campingplassen. Fylkesveg 709 har også fartsgrense 50 km/t i dag. I dette totale bildet ser vi at 50 km/t vil vere ei naturleg fartsgrense i området.

Teikning TL001, datert 16.08.2019, inneheld eit forslag til skiltplan for strekninga.

4. VEBELYSNING

Eit ytterlegare tiltak for å auke trafikksikkerheita er å innføre vegbelysning på strekninga nærmast den tilrettelagde kryssingsstaden. Dette vil gjere kryssingsstaden tryggare, i tillegg til at avkøyrslene ved campingplassen vert opplyste.

Teikning TC002, datert 03.10.19, viser eit utkast til plassering av lysmaster. I utkastet er det plassert ei lysmast like ved kryssingsstaden, i tillegg til ei på kvar side i om lag 40 meters avstand.

05	21.10.19	Korrigert oppdragsgjevar og terminologi	AN	JR
04	04.10.19	Korrigert teikningsreferanse	AN	JR
03	03.10.19	Revidert etter tilbakemelding frå Skaun kommune	AN	JR
02	20.08.19	Revidert etter tilbakemelding frå oppdragsgjevar	AN	JR
01	16.08.19	Dokument oppretta	AN	JR
VERSJON	DATO	SKILDING	SKRIVEN AV	KS